

Strandeigaren sin rett til fordelen med å grense til sjøen. Tradisjonelle og nye utnyttingsmåtar i sjø i møte med offentleg arealplanlegging

Målet med prosjektet er å drøfte innhaldet i og den geografiske utstrekninga av strandeigaren sine private rettar i sjøen. Bakgrunnen for å ta opp dette temaet i dag er den auka bruken av kystnært sjøområde til akvakultur, vindkraft, bølgjekraft, småbåtanlegg, turisme og friluftsliv. Den auka utnyttinga skaper nye interessekonflikter. Nye utnyttingsmåtar kan kome i konflikt med eldre utnyttingsmåtar, som t.d. konflikt mellom etablering av vindmøllepark og ulovfesta reglar om rett til tilkomst til eidegdom med båt (tilflotsrett). Vidare kan det oppstå konflikter mellom fleire nye utnyttingsmåtar, som t.d. konflikt mellom fiskeoppdrett og utnytting av sjøområdet til organisert turisme og friluftsliv. Det er også svært mange viktige miljøinteresser knytt til sjøområdet. Kystnært sjøområde er sårbart og eit viktig område for biologiske prosessar. Auka interessekonfliktar og trøng om vern, har ført til sterke offentleg regulering av sjøområdet. Dette skaper mange og til dels nye rettslege problemstillingar, som det kan ha stor praktisk og prinsipiell interesse å drøfte.

Det er lang tradisjon i Noreg for at den som eig ned til stranda, også eig eit stykke utover i sjøen. I tillegg til einerett til å utnytte sjøområdet ut til marbakken, har strandeigaren rett til einskilde særskilte utnyttingsmåtar som kan strekke seg lengre ut enn den alminnelege eidegdomsgrensa. Av sentrale tradisjonelle rettar kan nemnast utfyllingsrett, tilflotsrett, rett til laksefiske, rett til utsikt og vern mot støy. Temaet i denne framstillinga er omfanget av strandeigaren sine private rettar *utanfor* den generelle eidegdomsgrensa og tilhøvet mellom rettane og utnyttingsmåtar som er basert på allemannsrett eller offentleg loyve.

Målet med framstillinga er å gjere nærmere greie for korleis innhaldet i stradeigaren sine tradisjonelle og nye utnyttingsmåtar kan endre seg som følge av nye utnyttingsmåtar og offentleg arealplanlegging i sjøen. Utgangspunktet er at innhaldet i samansette rettar som både eidegdomsrett, bruksrettar og allemannsrett kan endre seg med tida og tilhøva.¹ Spørsmålet er om dei nye utnyttingsmåtane i sjøområdet har auka eller minka verdien av strandeigaren sine sær-

¹ Sjå t.d. Rt. 2004 s. 1985, Laksefiskedommen. Sjå nærmere nedanfor i pkt. 7.2.3.

lege private rettar. I ein større samanheng er dette eit spørsmål om fordeling av verdiar og forvaltning av ressursgrunnlaget.²

Ei sentral nyskaping med avhandlinga er klargjering av prinsippet om *open kyst*. I avhandlinga er det lagt til grunn at prinsippet om open kyst er ei nyansering av utgangspunktet om alminneleg handlefridom på sjøen. I dag kan det klart nok ikkje gjelde eit prinsipp om fri okkupasjon, men er tvert om slik at arealkrevjande og permanente tiltak krev særleg heimel i lov og forvaltningsvedtak. Oppføring av t.d. vindmølleparkar, fiskeoppdrettsanlegg, utfylling og utbygging må ha offenleg løyve, som er gitt med heimel i lov. I prinsippet om open kyst er det vidare ein føresetnad om eit visst vern om private rettar, som t.d. tilflotsrett, laksefiskerett, utsikt, allmenn ferdslle, fiske og friluftsliv. Dette er interesser som lovgivar og forvaltar må vurdere i samband med lovgiving og forvaltningsvedtak som gjeld bruk av kystnært sjøområdet.

Ein viktig synspunkt i avhandlinga er at grunngivinga for privat eigedomsrett kan endre seg, og at ei sentral grunngivinga for strandeigaren sine private rettar i sjøen i dag er omsynet til å oppretthalde busetnaden i distrikta. Alternativet til vidareutvikling av privat eigedomsrett, er ikkje fri okkupasjon, men offentleg styring gjennom konsesjon og løyve. Både privat eigedomsrett og offentlege konsesjonar, kan sikre omsynet til berekraftig utvikling gjennom avgrensa bruk. Ein fordel med prioritering av strandeigaren sine interesser, er at ein kan oppnå både ønskja næringsvekst og oppretthalting av bustnaden i distrikta. I avhandlinga har eg lagt til grunn at private rettar ikkje treng å vere det same som *einerettar*, men kan vere ein *førstestrett* til å få tildelt ein offentleg konsesjon i dei tilfelle det er konkurranse mellom fleire. Dette er ei nyskaping ved avhandlinga.

Konklusjonen på den innleiande problemstillinga, er at strandeigaren sine rettar framleis er svært viktige. I saker som gjeld aktiv arealbruk (utfylling og utbygging), er det kommunale kystsoneplanar som er avgjerande for kva for bruk som kan skje, men at dette er utnyttingsmåtar som framleis kan vere sentrale for mange strandeigarar. I dag er dei viktigaste verdiane av ein strandeigedom likevel knytta til ”ikkje-bruk”, som t.d. tilflotsrett, bading, utsikt og vern mot støy. Dette er verdiar som lovgivar og forvaltning i tråd med prinsippet om open kyst må vurdere i samband med arealplanlegging og einskildvedtak. I avhandlinga

² Sml. t.d. Eide og Stavang (2008) s. 159.

konkluderer eg med at strandeigaren sine rettar bør ha heimel i lov, slik at det vert enklare for forvaltninga å ta tilstrekkeleg omsyn til strandeigaren sine interesser i samband med arealplanlegging, tildeling av løyve og konsesjon.

I tråd med vanleg framgangsmåte ved juridiske doktoravhandlingar, er avhandlinga eit sjølvstendig arbeid, under rettleiing av professor, og i denne samanhengen altså Ernst Nordtveit og siste året også Ørnulf Rasmussen. Kollegaer ved juridisk fakultet har vore nytte diskusjonspartnerar. Prosjektet er gjennomført på den tida - og med slike ressursar - som fell inn under dei normale rammene for prosjektet.

Avhandlinga er klargjerande både i høve til prinsipielle og praktiske spørsmål. Klargjering av sentrale rettslege rammer, er nettopp viktig for løysing av einskilda saker i forvaltninga og i domstolen. I avhandlinga er det trekt fram fleire vurderingsnormer og synspunkt som både eg og andre kan byggje vidare på i forskningsarbeid. Avhandlinga vil vidare vere viktig for offentleg forvaltning, særleg i samband med klargjering av verdien av open kyst og klar gjering av kva for moment som er viktig å leggje vekt på i samband med forvaltningsvedtak som gjeld arealbruk i sjøen.

Avhandlinga har lagt grunnlaget for fleire problemstillingar, som eg – som forskar – kan tenkje meg å arbeide vidare med, som t.d spørsmål om kommuneplanen sine rettstryggleiksgarantiar i høve til borgaren (varsle, klage osb), og om desse må reknast å vere gode nok, og spørsmål om det nærmere tilhøvet mellom ein eigedomssrett og ein offentleg konsesjon. Kompetansen som er innvunnen ved dette arbeidet, kjem elles til nytte i alle samanhengar der eg som universitetsjurist skal delta med kunnskap og synspunkt, som t.d. i undervising, forskningsseminar, seminar for praktikarar og i diskusjonar knytta til einskilda saker t.d. gjennom media.

Avhandlinga skal ferdigstillast innan 30. juni 2009.

Ingunn Elise Myklebust
Stipendiat

Ernst Nordtveit
Prosjektleiar

Bøker, hefter, rapporter:

2008, Anon, Laksefiske som opplevelsesnæring, Tips og råd for deg som driver med laksefisketurisme. Veileder. Elvene rundt Trondheimsfjorden og NINA. 24 s.

2010, Aas, Ø., Baardsen, S., Fiske, P. og Stensland, S... Sluttrapport og evaluering av oppleieprosjektet i Trondheimsfjorden. NINA Rapport 546.

Marius Berg 2008. Er beskatning av Atlantisk laks selektiv med hensyn på innvandringstidspunkt og størrelse? Masteroppgave i Naturressursforvaltning, Institutt for Biologi, NTNU september 2008.

2007, Ianssen, G. og Johansen, T.S. God valdutforming – en flaskehals i laksefisketurismen? Masteroppgave ved Institutt for naturforvaltning, UMB.

2009, Gjertsen, V. Ø., Økonomisk lønnsomhet ved ulike uteleieformer i laksefisket i de store elvene i Trondheimsfjorden. Masteroppgave ved Institutt for naturforvaltning, UMB.

2010, Stensland, S. Angling tourism and management of Atlantic salmon stocks in Mid-Norway. -Riparian landowners as tourist hosts and co-managers of the stocks. Phd avhandling, Institutt for naturforvaltning, UMB

2010, Stensland, S. Fishing Rights and Supply of Salmon Angling Tourism in Mid-Norway. Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism.

2010, Tangeland, T., Andersen, O., Aas, Ø. & Fiske, P. Elvefiske etter anadrome laksefisk i Norge sesongen 2008. NINA Rapport 545.

Artikler:

10.10.2009, Stensland, Stian, Change, salmon, bears and Sarah Palin in Alaska Fulbright Norway, Engelsk

http://www.fulbright.no/Grantee_Experiences/Change%2C+salmon%2C+bears+and+Sarah+Palin+in+Alaska.9UFRrG43.xls

5.12. 2009, Stensland, Stian, Tar avstand fra Frøya utspill, Avisa Sør-Trøndelag, 10, Bokmål

5.12.2009, Stensland, Stian, Oppdrettsnæringen den største trusselen, Innherreds Folkeblad Verdalingen, 2-3, Bokmål

9.12.2009, Stensland, Stian, Oppdrett største trussel mot villaksen, Gauldalsposten, 18, Bokmål

9.12.2009, Stensland, Stian, Oppdrett en trussel mot villaksen, Stjørdals-Nytt, 29, Bokmål

7.12.2009, Stensland, Stian, Lakselus sprer dødelig parasitt, Arbeidets Rett, 9, Bokmål

27.1.2006; Baardsen, Sjur, Stensland, Stian, Laks til felles beste?, Adresseavisen, X Bokmål

2008, Borch, T., Aas, Ø. & Policansky, D., Global Challenges in Recreational Fisheries International Fishing Tourism

Foredrag/ konferanser:

2008, J. Kjelden, Ø Aas, S.Baardsen, P Fiske, m flere, Lovit seminar: Fagkonferanse om laks, Støren

Peder Fiske, Nils Arne Hvidsten, Lars Petter Hansen og Torbjørn Forseth 2007. Effekten av oppleieordningen – betydning for laksen og elvelaksefisket Foredrag 29. juni 2007 Elvene rundt Trondheimsfjorden konferanse Støren.

Peder Fiske, Nils Arne Hvidsten, Lars Petter Hansen og Torbjørn Forseth 2007. Foreløpige resultater av oppleie av kilenøter i Trondheimsfjorden Foredrag 2. oktober 2007 Samarbeidsmøtet for lakseforvaltning, Stjørdal.

Nils Arne Hvidsten og Peder Fiske. 2009. Undersøkelsene i Trondheimsfjorden. Foredrag 5. mai 2009. Årsmøte i fagrådet for Trondheimsfjorden. Støren.

2008, Øystein Aas, Laksefiske som opplevelsesnæring. Utfordringer og muligheter.
Økoturismekonferanse i Røyrvik

2008, Øystein Aas og Arne Nielsen, VILLAKS SOM NÆRINGSVIRKSOMHET, Løkken verk

2010 J. Kjelden, Ø Aas, S.Baardsen, P Fiske, m flere, Konferanse: "Laks og verdiskaping"
Fagkonferanse om laks, Rica Hell Stjørdal

Notater

Peder Fiske og Nils Arne Hvidsten. Tellinger på Bjørsetdammen og merkinger på Mølnbukt til nå i 2009. Notat til Orkla Fellesforvaltning i forbindelse med midtsesongselvaluering 17. juni 2009.

Peder Fiske og Nils Arne Hvidsten. Tellinger på Bjørsetdammen og merkinger på Mølnbukt til nå i 2008. Notat til Orkla Fellesforvaltning i forbindelse med midtsesongselvaluering 18. juni 2008.